

Organisasjonsnummer: 976490134

Foretaksnavn: OLAV ELDAR HUSE

Navn: Olav Eldar Huse

Mottaker: Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Saksnr.: 2020/387

---

SLUTTRAPPORT

REFERANSENR.: 20R8C13C

---

## Pollinerende insekter

**Ble tiltaket gjennomført som planlagt? Ja**

**Beskrivelse av gjennomføring av tiltaket:**

Begynte våronna i månedskifte april/mai med pløying av ca.7da.Etter pløying ligger området å tørker ca.14 dager.Det har vært svært fuktige forhold denne våren,så normalt sett hadde eg begynt på våronna i midten av april,så eg ligger 14 dager etter dette i år på grunn av dårlige forhold.

11 mai begynte eg å spre husdyrgjødsel ,4 tonn/da totalt 28 tonn.Harva ned husdyrgjødsela umiddelbart etter spredning.Etter at områda blei harva og fikk tørke ut eit par dager så var det klart for såing .Brukta radsåmaskina på traktoren å så med .Sådde 1 da med kvitkløver .Hadde tenkt å så 2 da blodkløver, men frø av blodkløver var ikkje å få tak i,sådde derfor perserkløver og blomsterstripeblanding i staden.

Blomsterstripeblanding består av:Bokhvete,Honningurt,Solsikke,Agurkurt,Alexandrinekløver,

Perserkløver,Sommervikke,Dill,Mauretansk Malve. På resten sådde eg

Honningurt .Områda som vart sådd fordeler seg på denne måten:

Perserkløver 1da, Kvitkløver(fleirårig) 1 da,Blomsterstripeblanding 2 da,

Honningurt 3 da .Etter såing rulla eg over alle åkrane med ringtrommel på traktoren.

Blomstringa av dei ulike artane eg sådde starta i begynnelsen av juli og varte ut over sommaren og hausten til oktober. Honningurta har den kortaste men også klart den mest inntense blomstringa av dei artane eg sådde .Dei andre artane har ikkje så inntens blomstring,men blomstringa varte ein god del lengre

.Kvitkløver har god og langvarig blomstring. Når det gjelder å tiltrekke seg insekter er det honningurta som tiltrekker seg mest insekter med agurkurt og kvitkløver like bak,Har observert mange ulike humlearter,blomsterfluer og bier.Det ser ikkje ut til å vere noken konflikt mellom

humler,blomsterfluger,sommerfugler og div.insekter i forhold til honningbier .Det ser heller ikkje ut til å vere nokon konflikt mellom dei ulike insektartane. Spesielt humlene utnytter døgnnet lengre enn honningbiene og flyg tidlegare om morgenen og seinare på ettermiddag/kveld og dei flyg også ved lavere temperatur .På seinsommaren var her også mange ulike sommerfuglarter og nattsvermere.

Konklusjonen er at eg aldri har sett så mykje insekter før ,som på desse isådde områda,når eg samanliknar dei med område i nærheiten.Kan heller ikkje sjå at den eine eller andre arten skulle fortrenge kvarandre,kan heller ikkje sjå at honningbier fortrenge nokon av dei ville artane. Har lagt ved bilder og kart over dei isådde områda.

Planane for 2021 er å få tak i frø til fleirårig blomstereng. Satser også på å så i større område med kvitkløver på areal som tilhøyrrer garden.

Skal også fortsatt ha eit område med honningurt,når eg ser at det absolutt er den arten som trekker mest insekter .Utvide områda for pollinerande insekter endå meir.

## Regnskap

Kostnader	Budsjett	Regnskap
Investering i utstyr	4 334	10 858
Egen arbeidsinnsats	6 750	8 750
Kjøp av tjenester	2 000	0
<b>Sum kostnader</b>	<b>13 084</b>	<b>19 608</b>

Finansiering	Budsjett	Regnskap
Støtte fra tilskuddsordningen	13 084	11 000
Dugnadsinnsats	0	2 084
Andre offentlige tilskudd	0	0
Annen finansiering	0	0
Egne midler	0	6 524
<b>Sum finansiering</b>	<b>13 084</b>	<b>19 608</b>


Regnskapsbalanse: 0


### Forklaring til regnskapet, herunder eventuelle innsparinger/avvik i forhold til søknaden:


Det blei ein del meirkostnad til innkjøp av frø og ein del meirarbeid til opparbeiding av jorda enn først antatt, delvis på grunn av at det vart opparbeida eit større område enn først tenkt .Husdyrgjødsela har eg bytta til meg mot anna arbeid har derfor ført den summen på egen arbeidsinnsats i staden .Invistering i utstyr gjelder frø og det er til dette eg også har brukt egne midler for å komme i mål.


## Vedlegg

-  20200713\_142405.jpg (Bilde)
-  20200730\_125927.jpg (Bilde)
-  20200731\_214414.jpg (Bilde)
-  20200731\_141621.jpg (Bilde)
-  solhatt 2020.pdf (Kvitteringer)
-  solhatt 6 2020.pdf (Kvitteringer)
-  solhatt 8 2020.pdf (Kvitteringer)
-  solhatt 9 2020.pdf (Kvitteringer)
-  miljødirektoratet 2020.pdf (Kart)
-  miljødirektoratet kart 2.pdf (Kart)
-  20200801\_113940.jpg (Bilde)
-  20201026\_142302.jpg (Bilde)
-  20201026\_143336.jpg (Bilde)
-  20201026\_143633.jpg (Bilde)

 20201026\_145057\_001.jpg (Bilde)


 20200523\_151521.jpg (Bilde)

 Resized\_Screenshot\_20201126-141255.jpg (Bilde)

 Resized\_Screenshot\_20201126-1433031.jpg (Bilde)

**Merknad:**

*Ingen merknad*

 **Olav Eldar Huse for OLAV ELDAR HUSE**

---

Levert 26.11.2020